

## **Saksprotokoll i fellesnemnda - 19.12.2018**

**Jenny Følling (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fellesnemnda ber administrasjonen arbeide vidare med saka og jobbar fram med alternativ med utgangspunkt i dei forslaga som er kome fram i møtet.»

**Jenny Følling (Sp)** sette fram slikt oversendingsforslag til administrasjonen:

1. Fellesnemnda ber om forslag på alternative grønfargar på tilrådd alternativ – tilbydar C natur og landskap.
2. Fellesnemnda ber om at folkefavoritten vert bearbeidd vidare og framlegg på historisk samlande motiv.

**Gunhild Berge Stang (V)** sette på vegner av V, H og Frp fram slikt felles oversendingsforslag til administrasjonen:

«Fellesnemnda vil i det vidare arbeidet med nytt fylkesvåpen gå vidare med Gulatinget, Onarheimsgildet, og St Sunniva. Tematisk skal ein vektlegge at det nye fylkesvåpenet speglar vilje til demokrati, folkevald makt og med referanse til vår felles historie.»

### **Røysting**

Følling sitt forslag vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga.

Følling sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

Berge Stang sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

### **Vedtak**

Fellesnemnda ber administrasjonen arbeide vidare med saka og jobbar fram med alternativ med utgangspunkt i dei forslaga som er kome fram i møtet.